



Kyrkja i Uskedalen blir 100 år i 2014. (Foto: Tore Mathiesen)

Soknerådet i Uskedalen har sendt ut denne informasjonen om kyrkjevalet, som går føre seg samstundes med Stortingsvalet og med inngang gjennom hovudinngangen til Aktivitetshuset:

Informasjon om Kyrkjevalet for Uskedalen sokn 2009

Valdag: måndag den 14.september

Opningtid: frå kl.1100 til kl.1900

Stad: Uskedalen skule, hovudinngang til Aktivitetshuset (sjå skilting)

Røysterett: Medlemer av Den norske kyrkja som fyller 15 år i 2009 og eldre skal ha fått valkort tilsendt.

For dei som ikkje har forhandsrøysta må ein røysta i den valkrins ein står oppført.

I valkortet er det informasjon om korleis ein kan røysta på bispedømeråd og sokneråd.

Informasjon om kandidatane til bispedømerådet kan ein finna på internett

www.kyrkjevalet.no Det vert og å finna i vallokalet.

På lista over kandidatar til bispedømerådet må ein kryssa av og plassera frå 1-5 kandidatar ein ynskjer stemma på. Ei liste må ha minst ein x og maks fem kryss elles vert den forkasta.

Er du usikker på om valvaktene kjenner deg så ta med legitimasjon.

Vel møtt på valdagen

Uskedalen sokneråd